



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Kunnskapsdepartementet  
Landbruks- og matdepartementet

## UTKAST

### **Framtida for Sogn Jord- og Hagebruksskule**

Sogn regionråd oppmodar om at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Staten sikrar framtida for Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Sogn regionråd ser på Sogn Jord- og Hagebruksskule som ein viktig regional og nasjonal institusjon for opplæring, kompetansebygging og næringsutvikling knytt til økologisk landbruk. No er det nødvendig å fornya bygningsmassen slik at ein kan trygga og vidareutvikla alle tilboda ved skulen.

### **Sogn Jord- og Hagebruksskule – verdiar for framtida**

- Landslinje for økologisk landbruk Vg2 og Vg3 – plass til 52 elevar
- Skulegardsbruk med gartneri som vert drive økologisk
- Ressurssenter for kurs og utviklingsprosjekt i økologisk landbruk og småskala næringsutvikling i landbruket
- Kompetansenav for matfag med foredling av lokale råvarer
- Nasjonalt fagmiljø for foredling av rå, upasteurisert mjølk
- Samarbeidsprosjekt med Norges miljø- og biovitenskaplige universitet på Ås om stadbasert entreprenørskap og læring
- Fremjar nasjonale mål om økologisk produksjon og forbruk
- Samsvarer med auka etterspurnad i marknaden etter økologiske varer

Undervisning er basisverksemd ved Sogn Jord- og Hagebruksskule og ein føresetnad for dei andre aktivitetane som etter kvart har auka i omfang. Meir enn 50 % av inntektene kjem no frå gardsdrifta, prosjekt og kursverksemd. Dei samla aktivitetane ved Sogn Jord- og Hagebruksskule tilseier at både fylkeskommune og stat er med på å finansiera dei heilt nødvendige investeringane ved skulen.

Med helsing

Harald Offerdal  
leiar i Sogn regionråd